

## Uttale på høyringa: Staten og Den norske kirke – et tydelig skille

Samla uttale kjem frå:

Øye sokneråd

Vang sokneråd

Heensåsen sokneråd

Høre sokneråd

Kyrkjeleg fellesråd i Vang.

Sokna i Vang er ikkje einige i ønsket om skilje mellom stat og kyrkje. Om det likevel skal skje, må ein legge opp til ei ordning av det positive samspel mellom kyrkje og samfunn, slik det er i lokale miljø der kyrkja er ein del av samfunnet. Det er viktig at kyrkja framleis er lokal, med stor vekt på sokna, og ikkje berre ein mektig, fjern, sentral maktstorleik. Samtidig må vi ha *ei* felles kyrkje for heile landet.

Om arbeidet med skilje likevel held fram, har råda i Vang følgjande kommentarar:

Vi er einige i at det nye rettssubjektet (Kyrkjemøtet) og soknet skal vere likestilte rettssubjekt.

Det er mangel på prestar i landet, og det er svært viktig og nødvendig for rekrutteringa av prestar og andre, å oppretthalde og utvikle arbeidsvilkår og rettigheter. Gode pensjonsordningar må til for å sikre at dei blir i jobben.

Klagenemnd bør vera lovfesta, og den må gjelde alle tilsette.

Delegasjon: For å få ein effektiv organisasjon, er høve til delegering fornuftig.

Råda i Vang ønsker ikkje eit eige demokratisk organ på prostinivå. Det aukar byråkratiet unødvendig.

Økonomi:

Skal sokna vere eige rettssubjekt må det tilførast og sikrast tilsvarande økonomi til å etablere eige forvaltning og kompetanse, utan at prestetenesta og kyrkjedrifta blir redusert. Det er viktig at det stillast god nok økonomi til alle nivå for at kyrkja kan drive arbeidet vidare på same måte som no. Prosessen som er sett i gang med eit tydelegare skilje treng nok ressursar til at den nye ordninga blir etter intensjonen.

Det er og viktig å sikre midlar til trusopplæringsarbeidet som nettopp er starta over heile landet.